



Opus Bergen AS

Referanser:

Dykkar: Torunn Johanna Rosnes
Vår: 14/4604 - 14/19178

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

Dato:

05.12.2014

Tilbakemelding - oppdatert reguleringsplan - Bustadplan for Mjåtveitmarka

Viser til e-post av 29.10.2014 og oversending av førebels oppdatering av plankartet etter ny lov.

Vi har sett gjennom endringar som er gjort, og har nokre merknader.

Vegkryss/avkjøring frå fv. 564:

Meland kommune mottok 17.11.2014, kopi av godkjenning frå Statens vegvesen, der dei godkjenner byggeplan med revidert teikning F01, på gjevne vilkår, sjå vedlegg.

Krysset si utforming i endeleg, korrigert og godkjent byggeplan lyt leggjast inn i plankartet, og det ser ikkje ut som om det er den endelege byggeplanen som ligg i plankartet her. Dette må vi få på plass no.

Me reknar elles med at denne endringa vert søkt om som ei mindre endring av reguleringsplanen.

Veg og gang- og sykkelveg:

Her manglar stigning på veg, kurvatur, og målsetting fleire stader. Skjeringar og fyllingar, stiller særleg spørsmål til tilkomst til område B1-B4. Sjekke at alle frisktsonar er på plass.

Veg 1 manglar påføring av nummer, GS-3 er ikkje markert i kartet og veg til B6 manglar påført vegnamn.

Tilkomstmarkering:

Her manglar i stor grad tilkomstmarkering/avkjørselmarkering til utbyggingsområder og tomter. Dette må førast på i samsvar med opphavleg plan.

Ivaretaking av gangstiar:

F10 og F7 har i gammel plan makerte gangstiar. Korleis kan vi ivareta dei i endra plan? Kan ev. drøftast.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Gnr/bnr:

Her er mange plasser påført dobbelst sett med gnr/bnr. Dette kan ryddast i.

Formålsnamn:

Tidlegare grøntareal F1, lyt påførast formålsnamn, og kan gjerne vere vegetasjonsskjerm. Vegetasjonsskjerm kring I/L 2 må påførast formålsnamn.

Ivaretaking av elvemusling:

Me kan elles orientere om at kommunen har fått inn bekymringar ang. ivaretaking av elvemuslingar i Mjåtveitvassdraget, og derav handtering av bekkar mm. innafor utbyggingsområdet i Mjåtveitmarka.

Kommunen arbeider med dette temaet og vil gå i dialog med Fylkesmannen for å finne ei løysing for å ivareta naturmangfaldet i området i samsvar med Naturmangfaldlova. Kommunen er opptatt av å ivareta naturmangfaldet i ein ryddig prosess, og det kan verta aktuelt med ei vesentleg endring av planen. Truleg lyt føresegner endrast for å få dette til, og dette må gjerast før utbygging i delområder innafor planen.

Når det gjeld føresegner og ev. endring av desse, så vil vi kome attende til det.

Ta kontakt dersom De ynskjer å drøfte innhaldet i planen.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
plankonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjenning av byggeplan - utbetring av vegkrysset fv. 564 - RosslandsvegenMjåtveitmarka (L)(34983)

Kopi til:

Anny Bastesen
Niels T. Granum
Marius Flemmen Knudsen

Mottakere:

Opus Bergen AS